

Avtale om arkivering og bruk av videoopptak.

Den _____ gjorde _____ (etter dette kalla intervjuaren)

eit videointervju med _____ (etter dette kalla forteljaren).

Opptaket var ein del av _____ og Memoar sitt prosjekt _____ der formålet var å samle munnleg kjeldemateriale om historie, kultur- og folkeminne frå nyare tid - i praksis ca 1930 til i dag.

Samtykkeerklæring:

Eg samtykker i at opptaket vert gjort, og at Memoar etterpå lagrar opptaket som videofil. Eg (forteljar og intervjuar) har opphavsretten til opptaket og skal ha ein kopi viss eg ynskjer. Når det er ressursar til det, kan Memoar laga ei stikkordsliste og eit tekstsamandrag som gir eit oversyn (dokumenterer) kva samtalen handlar om. Eg skal også få tilgang til logg og tekstsamandrag så snart dei er ferdige.

Eg samtykker i at Memoar kan avlevera originalopptaket saman med eventuell stikkordsliste og tekstsmandrag til Norsk Folkemuseum eller Norsk Folkeminnesamling, og at museet får varig rett til å bruka opptaket i si faglege verksemd (utstillingar, forskning, formidling, publisering, utlån, magasinering, etc.) i samsvar med denne avtalen, norsk lov og [ICOMs museumsetiske regelverk](#).

Eg samtykker i at Folkemuseet/Folkeminnesamlinga kan gjera opptaket tilgjengeleg for publikum i samsvar med Creative Commons lisens CC BY-NC-4.0. *(Den betyr at andre kan distribuera, endra, remixa, og bygga vidare på verket så lenge dei namngir forteljar og intervjuar som dei opphavlege opphavspersonane)*

Eg samtykker i at Memoar kan lage ein publiseringsversjon av opptaket der eventuelle utsagn som Memoar meiner er i strid med god presseskikk eller med norsk lov, vert fjerna.

Eg samtykker i at publiseringsversjonen kan leggjast ut på internett med eit passord som berre forteljaren kan gi vidare til andre. Når forteljaren har gitt skriftleg melding om det til Memoar, kan passordet fjernast og publiseringsversjonen delast i samsvar med Creative Commons lisen CC BY-NC 4.0.

Eg samtykker i at Memoar kan bruka Norsk Folkemuseum sitt innsamlings-, bevarings- og formidlingsverktøy «Minner.no» i dette arbeidet.

Eg samtykker i at når eg sjølv ikkje lenger kan gi forskarar, kuratorar, forfattarar, filmskaparar eller andre med aktverdige formål, lov til å bruke opptaket eller deler av det i sitt arbeid, kan Tingvoll museum forvalta mine opphavsrettar på mine vegner.

Dersom noko av det som står over ikkje er omfatta av mitt samtykke, har eg stroke over det med hand.

Stad og dato:

Underskrift forteljar:

Namn: _____

F.dato: _____

Underskrift intervjuar:

Namn _____

F.dato _____